

BS Vest AS
Valavegen 99
5355 KNARREVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7836 - 20/53421

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
02.09.2020

Søknaden om etablering av jordtippar vert avvist - gbnr 143/1 Håland

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søker:

Søknadstype:

Saknr: 870/20

Ove Georg Hvidsten

BS Vest AS

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om etablering av to jordtippar på gbnr 143/1 avvist.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av sakstugreilinga.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.


Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av to jordtippar/planeringsfelt på gbnr 143/1 Håland slik det går fram av søknad mottatt 31.03.2020.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, planid 201701, er definert som LNF-føremål. Felta ligg innanfor omsynssoner for landbruk H510_2, og kulturmiljø, H570_1 , som gjeld Indre farleia. Felt 1 som

ligg lengst sør ligg også innanfor omsynssone friluftsliv, H530_1. Ein mindre del av dette feltet berører faresone for ras og skredfare H310.



VURDERING

Etter gjennomgang av søknaden med kommune si vegavdeling og landbruksavdeling er tilbakemeldinga frå kommunen at det er særlege utfordringar knytt til tilkomst og trafikkavvikling, endring av kulturlandskapet, avrenning og utglidning i bratt terrenget og den samla nytten av tiltaket.

Kommunen vurderer, etter gjennomgang av søknaden, at han ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming. Det er også usikkert om dei forhold som ikkje er avklart i søknaden vil kunne løysast. Det vert her vist til Kommunen sitt brev datert 14.07.2020 om manglar i saka der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

- a. Dokumentasjon på at tiltaket er nabovarsla.
- b. Samtykke fra eigar av naboeigedom i forhold til avstand til nabogrense/evt. søknad om dispensasjon for same forhold
- c. Avklaring i forhold til faresone ras- og skredfare.
- d. Nødvendige ansvarsrettar for prosjektering av tiltaket.
- e. Avkøyringsløyve fra kommunal veg.
- f. Avklaring i forhold til byggegrensa langs kommunal veg.

Vegavdelinga har gitt tilbakemelding at det er knytt særlege utfordringar til tilkomst inn i området og trafikktryggleik. Kvamsvegen er ikkje bygd for transport av massar slik det går fram av søknaden og trafikktryggleiken langs vegen er ikkje ivaretatt. Det vil verta sett krav om oppgradering av avkøyrsla til fylkesveg 5476 og det vil bli behov for å opparbeida vegen minimum med ny asfalt og truleg nytt forsterkings- og bærelag i etterkant, eller undervegs, i prosjektet.

Vestland fylkeskommune har varsle arkeologisk registrering. Jordtippene skal etablerast i område der det er fleire automatisk freda kulturminne og det er potensiale for funn av fleire kulturminne i området. Det er tiltakshavar som vert belasta med kostnadane for den arkeologiske registreringa. Det er ikkje kjend om arkeologisk registrering skal gjennomførast, eller om det er fastsatt tidspunkt for arbeidet.

Fylkesmannen i Vestland har gitt uttale og meiner at tiltaket vil få vesentleg verknad for miljø og samfunn og tilrår at kommunen set krav om regulering. Det er her lagt vekt på at det er store massar av ukjend opphav som skal fraktast inn i området, og at trafikktryggleik, forholdet rundt støy og støv og korleis kulturlandskapet og andre omsyn i området vert råka, må vurderast. Fylkesmannen skriv vidare at landbruksarealet vil vera ute av drift i lang tid som følgje av tiltaket og kommunen som eit minimum må krevja at det vert søkt om mellombels dispensasjon frå arealføremålet.

Kommunen har ikkje mottatt tilleggsdokumentasjon innan fristen som var 15.08.2020.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. bygggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

BS Vest AS	Valavegen 99	5355	KNARREVIK
Ove Georg Hvidsten	Kvamsvegen 62	5911	ALVERSUND
Ove Georg Hvidsten	Kvamsvegen 62	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

BS Vest AS	Valavegen 99	5355	KNARREVIK
------------	--------------	------	-----------